



Foto:Ola Matti Mathisen

Frivilligprisen 2012 vert tildelt Gunvald Friheim frå Uskedalen/ Rosendal. Det er styret for Kvinnherad Frivilligsentral som vurderer innkomne framlegg og gjer vedtak

Frivilligprisen er sidan 2006 med dette tildelt åtte personar.

Gunvald Friheim (f. 1937) kjem frå Friheim iUskedalen, flytta til Rosendal i 1970 og har over lang tid vore ein viktigutøvar, medarbeidar og ressursperson for lagslivet i fleire bygder.

Gunvald er tilretteleggjaren og eit stort jamenneske. Ein oversikt syner at han har vore og er aktiv i nær på 20 lag og interessegrupper.

Det er nok å nemna Uskedal ungdomslag, Uskedalmusikklag, Vangssago, Rosendal samfunnshus, skular og barnehagar og ei rekkje festivalar.

Gunvald Friheim gjer det praktiske arbeidet før,under og etter eit arrangement. Han har kunnskapar om lyd og lys og seier alltid ja når han vert spurt om ei teneste.

Gunvald er med dette ein verdfull medarbeidar for lagog organisasjonar. Kva skulle vi gjort utan Gunvald vert det sagt etter ei teknisk vellukka tilskiping.

Den synlege Frivilligprisen i Kvinnherad er eit kunstverk med diplom. Markeringa vert gjort seinare i haust.

Kandidaten vert nominert til Hordaland fylkeskommune si tildeling. Ein nasjonal jury plukkar ut fem kandidatar til TV 2 si kåring på landsplan.

**Kvinnherad Frivilligsentral
styret**